



ISSN 1892-5103



STILLE STUNDER

FOR HEIMEN OG SKULEN OG KYRKJA

NR. 1

FEBRUAR 2024

135. ÅRG.



VINTERLANDSKAP

Foto: Rolf-Atle Rolfsnes



Sju gode ting som tek til med bokstaven t.

Utvida andaktstema ved Petter Lid, Lofthus

Eg likar å gå tur i fjellet, gjerne på stiar som er merka med raude t-ar. Då er det trygt og godt, og ein kan koma sikkert fram til målet. Er du i tvil om vegen vidare, må du sjå etter neste stein med ein t på. Dei som måla desse t-ane, tenkte sjølv sagt at folk skulle tenkja: t for turist.

Vi er på ein måte turistar eller pilegrimar på vegen til den fullkomne, himmelske heimen, til det nye Jerusalem. Av og til blir vi i tvil om vi er på rett veg. Då kan det vera godt å ha nokre merkesteinar som viser oss vegen. Eg har tenkt på sju slike merkesteinar som alle tek til med bokstaven t.

Den første steinen heiter tru

Både GT og NT seier mykje viktig om dette ordet. Alt kristenliv startar med tru. Utan tru er det umogeleg å vera ein kristen. Hebrear brevet 11,6 seier det slik: «Men utan tru er det umogeleg å vera til glede for Gud. For den som stig fram for Gud, må tru at han er til, og at han løner dei som søkjer han.»

Men kva er det vi trur på? Joh.3,16 og 36 gir oss svaret: Vi må tru på Jesus som vår einaste redningsmann og frelsar.

Paulus har fleire viktige ord om dette:

«Men då vi skjøna at ikkje noko menneske blir rettferdig for Gud ved gjerningar som lova



krev, men berre ved trua på Jesus Kristus, så sette vi og vår lit til Kristus Jesus, så vi kunne seiast rettferdige ved trua på Kristus og ikkje ved lovgjeringar» (Gal. 2,16) «For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve.» (Ef 2,8)

Trur du at Jesus tok straffa for syndene dine, så har du begynt på himmelvegen.

Så kjem vi til den andre steinen. Den heiter tilgjeving

Vi må be Gud og nesten vår om tilgjeving for alle syndene våre. Alt vi har tenkt, sagt eller gjort som ikkje var bra. Slik som Jesus lærte oss å be: Forlat oss vår skuld som vi og forlet våre skuldmenn. Vi må altså tilgje kvarandre. Ingen av oss er feilfrie. Og Gud har tilgjeve oss ufatteleg mykje. Skulle ikkje vi då tilgje dei som gjer oss noko vondt?

Jesus fortalde ei likning om dette i Matt.18,21-35. Det byrjar slik: «Då gjekk Peter fram til Jesus og spurde: Herre, kor mange

gonger skal bror min kunne synda mot meg og eg likevel tilgje han? Så mykje som sju gonger?»

Peter tykte nok han tok sterkt i: Sju gonger er då veldig mykje, Jesus! Jesus meinte sikkert: Slutt å telja! Du skal alltid tilgje, for Gud tilgjev deg alltid. Om du så kjem til han for tusende gong og bed om tilgjeving.

Har du trua på Jesus som din Frelser og ven og har fått tilgjeving, så kan du trygt gå vidare på pilegrimsvegen.

Den tredje steinen heiter tillit

Vi må ha tillit til at Bibelen er Guds Ord, og at vi kan stola på Guds lovnader.

Det er så mykje som vil påverka oss. Men denne boka er Guds heilage ord og vegvisaren vår. Den skal gje oss råd og hjelp og trøyst. Vi kan stola på Bibelen.

Profeten Jesaja seier dette: «For så seier Herren Gud, Israels Heilage: Vender de om og held dykk i ro, skal de bli frelste. I stille og tillit skal dykkar styrke vera.» (Jes 30,15)

Bibelen samanliknar kristenlivet med eit ekteskap. Jesus er brudgommen og vi er hans brud. I ekteskapet må vi ha tillit til kvarandre. Stola på kvarandre. Gje kvarandre oppgåver.

Gud har tiltrudd oss talentar. Han har tillit til at vi skal bruka dei til Guds ære. Han har minst ei

Framhald side 4...

1824 – 1274 – 1024

For tre år sidan vart det talt og skrive mykje om Hans Nielsen Hauge. Det var då 250 år frå fødselsåret hans. No er det atter eit H.N. Hauge-jubileum, om du vil: 200 år sidan dødsåret. Dette kan såleis verta endå eit år med eit visst fokus på H.N. Hauge. For forskarar er det kan henda framleis meir å finna ut om kven han var og kva han har sett av spor etter seg, denne bondeguten frå Østfold.

Men her er også eit 750-årsjubileum! 1274 er året for landslova, skapt og iverksett av Magnus Lagabøte, kongen som aldri deltok i krig, men i staden gav landet lover som skulle syna seg å ha berekraft i fleire hundre år. Med landslova tok landet vårt gode steg på ein veg frå makt- til rettssamfunn. Professor i rettshistorie,

Jørn Øyrehagen Sunde, har skrive interessant og grundig om dette i artiklar og i ei heilt ny bok: «Kongen, lova og landet» (Stenersens Forlag 2023). Det er ei bok på nynorsk.

Og ikkje nok med det: Her er også eit 1000-årsjubileum! Dette til minne om ei tingsamling på Moster i Sunnhordland 1024. Det var kong Olav Haraldsson og biskop Grimkjell som der sette kristeretten. Gjerne omtalt som starten på ei omfattande samfunnsending ut frå kristen tankegang og med eit heilt anna fokus enn før på respekt for liv og likeverd. Eit radikalt verdiskifte! Forskarar har noko ulike meiningar som kva som meir i detalj gjekk føre seg der på Moster. Alt dette vil ein prøva å finna meir ut av gjennom

ulike tiltak i jubileumsåret. På Moster vert det storsamling rett over pinse.

Med landslova av 1274 kan ein seia at prosessen som tok til på Moster, vart fullført. Det var ei kristning av tankegang, lover og praksis i heile samfunnet som såleis fann stad. Dette er no 750 år sidan. Kvar står me så i dag? Og kvar går vegen vidare? Her er tema til drøfting historisk, men ikkje mindre i eit aktuelt perspektiv. Kristning? Avkristning?

Nokon kallar året me no har gått inn i, for «Verdiåret 2024». Det lovar godt, Vonleg kan noko meir om dette emnet få plass her i bladet og. Kan henda finst det kunnige skribentar der ute?

IMo.

STILLE STUNDER



Stille Stunder
kjem ut 6 gonger i året.
Bladet kan tingast hjå
Stille Stunder,
ved Rolf-Atle Rolfsnes,
Bakken 2, 5419 Fitjar.
Tlf.: 915 13 024.
E-post: post@stille-stunder.com
Nettside: www.stille-stunder.com
Bladet kostar kr 250,- pr år
Bankgiro 7877 05 64653

Bladstyret: Adjunkt Knut O. Dale, leiar
Lærer Borghild Melve, Prest/
statsstip Nils-Aksel Mjøs,
Lektor Torill Markussen Ringheim,
Sokneprest Ådne Skiftun.
Redaktør: Ivar Molde,
Vangsgt. 22C, 5700 Voss
Tlf.: 993 53 145
E-post: ivarmolde@hotmail.com
Forretningsfører: Rolf-Atle Rolfsnes
Utgjevar: Foreininga Stille Stunder
Trykk: Sunnhordland, Stord.

Framhald frå side 2...

oppgåve til kvar einskilt av oss. Be Gud syna deg kva for oppgåver han har for deg. I alle høve kan kvar og ein vera med og be.

Så kjem vi til den fjerde steinen. Den heiter truskap

Då eg gifta meg for snart femti år sidan, lovte eg å vera trufast mot kona mi i gode og vonde dagar. Eg kan ikkje ta til å flørta med andre damer. Ho må kunne stola på at eg skal vera trufast.

Korleis er det i vårt høve til Gud? Er vi trufaste på den måten?

Luther sa at vi skal frykte og elska Gud over alle ting og lita fullt og fast på han. Gjer vi alltid det? Det er så mange ting som vil dra oss vekk ifrå Gud. Så mange freistingar og fårar, som gjer at vi mistar fokus.

Eg snubla i ein fortauskant i Odda nå i sommar og datt så lang eg var ned på asfalten. Kvifor? Eg hadde feil fokus. Eg såg ikkje kvar eg plasserte føtene mine.

Eg må vedgå at eg altfor ofte vel feil. Vel det som ikkje er bra. Då må eg be Gud om tilgjeving. Men Gud er trufast. Paulus vitnar: «Er vi trulause, så er han endå trufast, for han kan ikkje forneakta seg sjølv.» (2 Tim 2,13)

Vi går vidare på stien og kjem til den femte steinen. Den heiter takksemd

Vi har så utruleg mykje å vera takksame for. Først og fremst må vi aldri bli lei av å takka Jesus for at han har frelst oss og bevart oss; ikkje forkasta oss, sjølv om vi har synda utallige gonger. Vi må takka og prisja han for den

ufortente nåden og godleiken imot oss.

Mange ting tenkjer vi på som noko sjølvsgagt. Men det er då ikkje det! At vi har rikeleg med mat og klede, at vi har gode hus, bur i eit trygt og demokratisk land. Alt dette fortener Gud å bli takka for. Og alt det vakre vi får oppleve med sansane våre. Ikkje noko av dette er sjølvsgagt. Gje Gud takk og ære! Alt er av nåde!

Den sjetten steinen har eg kalla tilbeding

Kor ofte tilbed vi Gud? Berre når vi er på eit kristent møte eller ei gudsteneste?

Eg trur Gud vil at vi skal tilbe han dagleg. I Johannes Openbering kan vi lesa: «Og han ropa med høg røyst: Ottast Gud og gjev han æra! For no er timen komen då han skal halda dom. Tilbed han som skapte himmelen og jorda, hav og kjelder!» (Op 14,7)

Vi er kalla til å æra, tilboda og lovprisa Gud for alle hans under:

«Verdig er du, vår Herre og Gud, til å få pris og ære og makt. For du har skapt alt; ved din vilje vart alt til, skapt av deg.» (Op 4,11)

I Salmenes bok i GT står det mykje om dette. Slik står det til dømes i Salme 30,5: «Spel for Herren, de hans trugne, pris hans heilage namn!»

Så har vi kome til den sjuande og siste steinen. Den heiter tolmod

Vi treng alle meir av tolmod, ikkje sant?

Kona mi er meir tolmodig enn eg er. Vegen kan verta lang og

strevsam. Det oppstår problem undervegs. Vi kan bli trøytte og slitne. Kanskje møter vi både motstand og misforståing. Ein kan bli freista til å gje opp. Det nyttar ikkje. Alt kan verka så mislukka.

Har vi noko å læra av Jesus når det gjeld å vera tolmodig? Ja, Jesus er godt førebilete. Hør på dette: «...med blikket fest på Jesus, trua sin opphavsmann og fullendar. For å få den gleda som venta, heldt han ut på krossen utan å bry seg om skamma, og han har sett seg på høgre sida av Guds kongsstol. Ja, tenk på han som heldt ut ein slik motstand frå syndarar, så de ikkje trøytar og blir motlause» (Hebr 12,2-3).

Oppsummering og bøn

Det var altså dei sju steinane med ord som tek til med bokstaven t. Neste gong du går på ein tursti, kan du kanskje prøva å hugsa nokre av dei. Eg trur dei kan vera med å bevare oss på den rette vegen som fører til det evige livet saman med Jesus.

Lat oss repetera dei: Det første var tru, det andre tilgjeving, det tredje tillit, det fjerde truskap, det femte takksemd, det sjetten tilbeding og det sjuande tolmod.

Bøn: Takk Jesus, for ordet ditt som gir oss så mange gode råd på vegen til det evige livet saman med deg. Takk at du vil vera med oss på vegen og gje oss det vi treng frå dag til dag. Av berre nåde og ufortent godleik.

Opphavleg som andakt i Odda bedehus sist haust. – red.

Pressemelding frå Novus forlag



orden, og tilhøvet mellom kristendom og norskdom var eit tema med stort konfliktpotensiale.

Boka framhevar og granskar ei særskild gruppe nasjonsbyggjarar: grundtvigianarar og folkehøgskulelærarar. Desse bidrog i ein lang intellektuell tradisjon, best karakterisert som den kristeleg nasjonalismen. Gjennom ei lang rekkje institusjonar, nettverk og offentlege ytringar, sette dei kristeleg nasjonalistane eit markant preg på danninga av den moderne norske nasjonalstaten.

Om forfattern: Morten Øveraas (f. 1991) er førstekonservator ved Romsdalsmuseet, Molde. Han er utdanna ved NTNU – Trondheim, Universitetet i Oslo og Universitetet i Stavanger. Øveraas har særleg forska på og publisert artiklar om emne innan politisk og religiøs historie.

Kristendom og norskdom er ein omarbeidd versjon av doktoravhandlinga som vart forsvart ved Universitetet i Stavanger november 2021.

Den 13. desember publiserte Novus forlag boka: «Kristendom og norskdom. Grundtvigianarar, folkehøgskular og kristeleg nasjonalisme i Noreg ca. 1810-1920».

Boka er òg inkludert i skriftserien til Instituttet for sammenlignende kulturforskning.

Frå omslaget: Kvifor er mange symbol ved norsk nasjonalitet kopla til kristendommen? Flagget

består av ein kross og på nasjonaldagen ber ein Gud om å signe landet. Denne boka undersøker tilhøvet mellom kristendom og nasjonalisme i ein formativ periode av norsk historie: Det lange og innhaldsrike tidsrommet mellom Napoleonskrigane på byrjinga av 1800-talet og etterdøningane av første verdskrig på 1900-talet. I denne perioden dominerte kampen for politisk og kulturelt sjølvstende dags-

Å leva, det er å elska

Anders Vassbotn (1892).

Å leva, det er å elska
det beste di sjel fekk nå;
å leva, det er i arbeid
mot rikare mål å trå.

Å leva, det er i livet
å finna det største verd;
å leva, det er å vinna
til sanning i all si ferd.

Å leva, det er å leggja
all urett og lygn i grav;
å leva, det er som havet
å spegla Guds himmel av.



Tung bør

Eivind Karsrud 2023

Etter M.B. Landstad "Når synderen rett ser sin våde":

1.

Når syndegjelda gnæg så blytung
at sjela kryp nedi ei grop
da kjæm'n Jesus hit med én gong
og vil betale ælt i hop
Slik sløkker hæn min store sorg
Vi hører jubel i Guds borg

2.

Når Jesus står der utpå trammen
og helser med si store ro
og puster inn sin fryd og gammen
i hjertet tomt for håp og tro
Da blir det stille, lyst og mildt
Da blir ælt helt som før var skilt

3.

Når Jesus kjæm tel bygd og byer
og fanger folket med si makt
og Ånden åpner opp for vyer
når vi har signert på Hass pakt
Da blir det lystelig å bo
å plante nytt og la det gro

4.

Det blir et ænsles liv når Jesus
opprettet Riket i vår grend
Da skar vi ælle bo i fredshus
og komma nær nænn litt om senn
Med kjærlighet og himmelhåp
ælt ved Guds ånd og tro og dåp

5.

Da blir det vonom slutt på jammer
Da slitner ælle djevlebånd
Og helt tel slutt i dødens kammer
med navan trygt i Jesu hånd
vi stabber ut i dødens dal
med støtte frå Hass vandrestav

6.

Vi håper at Hæn ratt vil kaste
sitt lysskinn inn i hår ei krå
så mørkemaktene må haste
avgarde fort som det er råd
Forbinde folkets hjertesår
i kristent hus og ufrelst gård

7.

Je hører skritt og noen banker
da kaster je meg ned i bønn
Her kjæm den en som sjeler sanker
Nå lagar vi tel kveldsverd, sønn!
Tenk at i stusslistuggun her
det vart en salighet så svær


8.


På ryggen min heng syndebøra
Mi sjel, stell deg i stram giv akt
Å skar je finne på å gjøra
Ta sjansen på og ratt bli vakt
Je kviskrer Du enbårne sønn
redd du meg ut av syndens lønn

9.

Kom inn mens klukka enda tikker
aus over øss din legemskraft
Du er den sanne sjeleflikker
skyll døden bort med blodets saft
Din nådesol smelt hjertet mitt
og slipp meg inn i riket ditt





										BRØD-FABRIKK		KVELV-INGAR	SJUKDOM KRAKE-LYD			---	LANKA
																	↙
										SKRIFT-FORM							
										LAND						PREP.	→
							IKKJE OPP										
ROLF LIE							IKKJE UT FRÅ GAMBIA										
OBS!																	
Saks- <i>X</i> St. St.	TIL-GJEVING	BUKT REI-SKAPEN		PERSON FRÅ WIEN		TONN	MAS-SERE STILLE	APE									
VERDSDEL				↙		↓			↙								
BIE-BUSTAD						LAUVTRE GAMAL-NORSK		TONN 3. TONEN	INSEKT								
GOD KARAKTER MATRETT			NERVE-CELLE-SAMLINGA						EI SOM INNGÅR EKTE-SKAP								
				↓	KRYDDER			BÅTRIPA	TANNKVAL								
			I ORDEN		RAMSE			ØYREFIK	TANKELAUS								
↙			BYDEL I BRASIL														
KRYPE ISEN PÅ VATNET		AFR. ELV				ÆRFUGLEN VARME-KJELDER		KLIPPE RØYN-DOM									
				↓													
↓						BRUKE VEVSTOL	← RUND BOKSTAV	RADIUS UKOKT	↑								
MERKNÅDEN FÅ AUGE PÅ				↓					JENTE-NAMN FLY								
		FEKK MAT			MEISTER-SKAP		JØLSTER BAKVENDT		HOLMEN								
		INTERJEKSJ			STEMME												
							ELVA	RIKSVEG	ETTER JUL								
		SKULE-BORN BRENNEVIN					USTABIL TO LIKE		SOKK								
									RETNING								
	SLUTT-ORD GUTENAMN					LEVER	FAVORIT-MAT --- BNB		DUGANDE								
MERKNÅDEN FÅ AUGE PÅ				↙		FARGE	→										
								↙	FORFATTAR								
			RUSSETREFF	SOM VANLEGG				MÅNEFASE									
									SPRING!								
									↓								
KAN LESAST					KROPPS-DELEN			BIBELSK BOK	DENGDE								

Interessante bygningar

Nidarosdomen – nasjonalheilagdomen

Av Bjørn Fareth

Namnet Nidarosdomen er berre eitt av fleire namn som denne staselege katedralen har hatt opp gjennom si lange og omskiftelege historie. I grunnlova stod det heilt fram til 1908 at kongen skulle kronast og salvast i Trondhjems domkirke. Fram til reformasjonen i 1537 hadde kyrkja også tilnamnet "Cor Norvegiae" - Noregs hjarte - fordi skrinet med Heilag-Olav var plassert der. Eit vanlegare namn var Kristkyrkja i Nidaros. Kyrkja sitt offisielle namn vart etter stortingsvedtak i 1929 endra frå Trondhjems domkirke til Nidaros domkirke.

Namnestridd i trønderhovudstaden: Nidaros eller Trondheim?

Ein reknar Olav Tryggvasson som grunnleggjar av byen Trondheim, i året 997. Difor finn ein han på ein høg sokkel midt i sentrum av byen, på Trondheim torg. Namnet Trondheim kjem av det norrøne *throndeimr*, der fyrste delen er frå *thrøndr*, som truleg tyder dei sterke og fruktbare, medan andre delen av ordet kjem frå heimr, opphaldsstad. Summen av dette skulle då bli ein heimstad for

livskraftige og vitale menneske. Namnet Nidaros tyder byen som ligg ved utløpet (osen) av elva Nid, til vanleg kalla Nidelva.

Kva for eit namn som var eldst, var det strid om mellom dei lærde. Denne striden var nok meir av det siviliserte slaget mellom akademikarane, medan det mellom folk flest i byen gjekk nesten på nevene laust om kva byen burde heite. Nidaros vart ved lov innført som byens offisielle namn frå 1. januar 1930 i staden for Trondhjem, men etter nok ein bitter namnestridd kom eit nytt vedtak alt den 6. mars året etter. No fekk byen endeleg det namnet han har i dag: Ikkje Trondhjem, det namnet som byen hadde hatt under dansketida, men det "norskare" namnet Trondheim.

Frå Trondhjems domkirke til Nidaros domkirke til Nidarosdomen

Ikkje berre byen, men også hovudkyrkja i byen hadde ulike namn. Om dette, sjå øvst i artikkelen! Nidarosdomen er det alle no kjenner som namnet på denne staselege kyrkja. Ho er stor og ruvande der ho ligg ved Nidelva, Men ho er ikkje landet

si største kyrkje når det gjeld sitjeplassar. Her finn vi Kongsberg kyrkje (2400). Nidarosdomen kjem på delt andreplass saman med Mandal kyrkje (1800).

Nidarosdomen er i dag både soknekyrkje, bispedømesentrum og samlingsstad for større hendingar av nasjonal-kyrkjeleg karakter. Her kan nemnast signinga av kong Olav (1958) og av kong Harald og dronning Sonja (1991).

Nokre tal og fakta om kyrkja

Nidarosdomen skal vere Nordens eldste middelalderkyrkje. Olav Kyrre, Noregs konge frå 1067 til sin død i 1093, starta i 1070 bygginga av det som ein gong skulle bli ein nasjonal heilagdom. Frå før stod det ei trekyrkje på tomte, men denne fekk kongen rive, og no starta bygginga av ei steinkyrkje. Ein reknar at ho stod ferdig kring år 1300. Kyrkja slik ho står i dag, er nokså ulik den fyrste utgåva frå Olav Kyrre si tid. Bygningsmessige endringar og fleire brannar har gjort sitt. Kyrkja vart ramma av brannar både i 1328, i 1432 og i 1531. I 1689 bles spiret på hovudtårnet ned og seinare fylgde nye brannar, både i 1708 og i 1718. Lenge stod kyrkja mest

til forfalls. Frå 1869 og nesten opp til vår eiga tid er det gjennomført ei omfattande restaurering.

Nokre tal om storleiken på kyrkja: Nidarosdomen er 50 meter brei og 100 meter lang, og høgda på spiret er 91 meter. Dette er høgt, men ikkje mellom dei høgaste i ein større samanheng. Tvillingtårna til den mektige Kølnerdomen, som er på Unesco si verdsarvliste, har ei høgde på 157 meter. Denne kyrkja var den høgste bygningen i verda då ho stod ferdig i 1884. "Høgerekorden" på 161,5 meter for kyrkjetårn har ei anna tysk kyrkje, nemleg domkyrkja i Ulm, ein by ikkje så langt frå München.



Nidarosdomen, frå Vestfronten. Foto: Red.

Nidarosdomen og Olav den heilage

Nidarosdomen er bygd over det ein trur var den fyrste gravstaden for Olav Haraldsson, som vart drepen i slaget ved Stiklestad i 1030. Den islandske skalden og historieskrivaren Snorre Sturlason fortel om dei teikna som blei observert når det gjaldt kongens lekam, også ei god stund etter at han var død: Dei kunne kjenne ei vedunderleg duft frå kroppen hans, og han var raud i kinna, som om han nettopp hadde sovna. Liket av kongen var uforandra, men hår og negler hadde vakse.

Etter kvart oppstod det fleire forteljingar om kongen etter hans død på Stiklestad. Slike forteljingar om mirakuløse hendingar førte til at den avlidne

kong Olav vart kåra til helgen av den katolske kyrkja, ved biskop Grimkjell. Dette skal ha hendt den 3. august, truleg år 1031. Den katolske kyrkja har 10 norske namn på helgenlista. Fremst på denne lista står Olav den heilage. Men vi finn også eit namn til med tilknytning til Nidarosdomen: Øystein Erlendsson (ca 1120 – 1188), erkebiskop av Nidaros frå 1157 og til sin død.

Nidarosdomen som pilegrimsmål

I dag kan det gjerne vere ulike grunnar til at mange tar beina fatt og legg ut på vandring mot eit bestemt mål. Men historisk sett var det slik at dei fleste som

la ut på pilegrimsferd gjorde dette anten for å søke lækjing frå sjukdom eller smerte, eller for å få tilgjeving for syndene sine.

Pilegrimsmålet var oftast knytt til hendingar eller personar som gjorde staden heilag i ein viss forstand, slik det er tilfelle med Nidarosdomen og Heilag-Olav. Staden der helgenkongen ligg gravlagd, har vore det viktigaste pilegrimsmålet i Norden og er framleis ein høgt skatta destinasjon for pilegrimar frå heile verda.

... etter Lappernes manerer ...


Av Knut Skorpen, Mosjøen

Dei seinaste åra har det i mange kyrkjer nordanfor vore vanleg med nådehelsing og velsigning på samisk – som ei påminning til alle om at kyrkjelyden også har røter i den samiske kulturen. I meir enn hundre år har norsk-språklege kyrkjelydar oversett denne delen av kulturarven – og i mange tilfelle aktivt undertrykt han.

I 2023 kunne vi i ein artikkelserie i Stille Stunder lese om Thomas von Westen, som starta misjonsarbeidet blant samane. Denne samemisjonen vart utbygd frå 1720-åra, med sameskule bl.a. i Mosjøen. Misjonskollegiet reiste også nye kapell i fjellbygdene, som i Hattfjelldal. Misjonæranne møtte samane i fjellet, og det må vi tru samane opplevde som noko nytt. Men kristendommen var ikkje ukjend i det samiske miljøet. I lang tid hadde samane på indre Helgeland søkt til kyrkje når dei var nede i bygda – anten det var på svensk side av grensa, eller på Dållesijjje, Dolstad kyrkje i Vefsn.

Vitnemål om samiske gudstenester

Samane kunne møte i kyrkja i lag med den norske delen av kyrkjelyden, men det vart også halde eigne gudstenester for samane. Kyrkjebøkene har fleire interessante vitnemål om desse



Samemisjonæren Morten Lund (1686-1757) omsette katekisma til nordsamisk. Boka utkom i 1728, som den første trykte boka på samisk i kongeriket, og hadde dobbel tekst – dansk til venstre, samisk til høgre. På sameskulen i Mosjøen måtte dei nøye seg med handskrivne bøker, skrivne på ein språkvariant som minner om umesamisk. (Foto: Anne Severinsen/Årbok for Helgeland).

gudstenestene, med ritual etter «Lappernis manerer», som det står i Vefsn kyrkjebok for 1714: «Onsdagen den 4 July nye stiil, St. Johannis efter gammel stiil, kom endelig efter express som vi maatte gjøre til Alstahaug en Kagge oblater, og blef antaget Lapperne, 53 i tallet». Året etter ser vi at «Fredagen d. 5. July var lappernis dag».

I 1718 var det på Dolstad gudsteneste for samane både i juli

og august: «Gamle St. Olsdag d Augusti vare her nere alle lapperne som til St Hans tid for Elfvernis storherhed og Veirligets mislighed icke vare her nere, og blefve de samme gang communicerede 66 i tallet».

Vi veit lite om kva som kjenneteikna eit kyrkjeritual som vart halde etter samisk skikk. I Vefsn var det to særskilde samiske helgedagar – gamle jonsok og gamle olsok, det vil seie jonsok og olsok

etter juliansk kalender, som på tidleg 1700-tal låg 11 dagar etter kalenderen som samfunnet elles heldt seg til. Jonsokdagen var den gongen allmenn helgedag, men når samane også heldt helg ved olsok, tyder det på at skikken hadde røter i katolsk tid. Desse samiske kyrkjehelgene må alt på tidleg 1700-tal ha vore ein fleire hundre år gammal tradisjon.

Samisk eller dansk?

Det skulle vore interessant å vite sikkert om det vart nytta samisk eller dansk språk i desse gudstenestene, men dei knappe innførslene i kyrkjebøkene gjev få haldepunkt for å seie noko sikkert om dette. Presten tala vel helst på norsk eller dansk, må vi tru, men det er nokre haldepunkt for å meine at ein tolk kan ha bistått under delar av ritualet. Frå rettsprotokollar veit vi at det ofte var tolk til stades i retten, når samar som ikkje uttrykte seg fullgodt i det norske bygdemålet møtte som vitne, så praksisen med offentlege tolkar var ikkje ukjend. Og vi ser ved eit par døme at presten i kyrkjeboka har ført inn både samiske og danske versjonar av personnamn, noko som kan tyde på at begge namneformene må ha vore nemnde i kyrkja. Ved olsokgudstensta i 1718 møtte bl.a. «Bent eller Bendigt», «Oane eller Amund».

Frå skulestova

Den eldste samemisjonen i Vefsn hadde på initiativ frå Thomas von Westen organisert ein eigen

skule for samane med skulehus i Mosjøen. Her vart det nytta både samisk og dansk språk i undervisninga. Det veit vi frå skuleprotokollane, der det for kvar elev er opplyst kva dei lærte, og kva for språk dei fekk undervisninga på.

Vinteren 1729/30 var 23 år gamle Lorentz Dass, soneson til diktarpresten, lærar på sameskulen i Mosjøen. Hans elev «No. 1 10 Aær gamel Sola Thorsen af fieldet. Lærte paa lappisk», og Lorentz Dass skildrar i vitnemålet ein gut med eit ekstraordinært nemme, som lærte «vell og grenlig at læse i bog, udenat lærde hand paa lappisk alle bordlæsningene. Saa og disse Morgen- og Aften-bønner: Jesusen nemmasn mon truodcom bias» – og så følgjer førstelina på åtte andre samiske bøner og salmar, som læraren skreiv ned i ei bok som eleven fekk med seg, «paa det hand iche skal glemme af hvad hand haer lært i skoelen, men beholde det i frisk ihukommelse». Dei flinkaste elevane kunne sidan få arbeid som lærarar i sameskulen, eller dei kunne bli engasjert som emissærar. Slik var det folk på innsida av den samiske kulturen, med samisk språk som morsmål, som stod for formidlinga av kristendom, både til unge og gamle blant samane.

Samisk språk med konfirmantar

Langt inn på 1800-talet vart det brukt samisk språk i konfirmasjonsundervisninga. «*De, som læse deres finske Modersmaal, erholde*

deres Lærebøger fra Sverige», skreiv sokneprest Qvale i 1843. Som leiar for Skolecommissionen skreiv soknepresten vidare: «*Det bør anmerkes at Vefsens Fjeldlappers Ungdom [...] læse deres Christendom paa lappisk*». Det var viktig, meinte han – i nabosokn, der ungdommen ikkje fekk dette tilbodet, valde den samiske ungdommen oftare å konfirmere seg i Sverige.

Thomas von Westen klagar alt i 1724 på at bøndene på mange måtar behandla samane ille, og at dei vart kalla med «*stygge navne*». Det fekk han neppe bukt med. Men nokre tiltak vart ut over 1700-talet sett i verk for å gje samane betre rettsvern. Paradoksalt nok vart demokratiseringa av Noreg det påfølgjande hundreåret ei ulykke for den samiske kulturen: frå slutten av 1800-talet fekk den norsktalende majoriteten både kyrkje og skule med i arbeidet for å kue det samiske språket. Det er ei mørk historie. Men mørkret var ikkje svartare enn at samane greidde år reise seg att og hevde sine rettar. Det kan vi feire 6. februar, på «*sámi álbmotbeaivi*».

Kjelder:

Vefsn bygdebok: Gardshistorie for Vefsn, særbind 8 b og 8 d.

Ove Pettersen: «Sameskolen i Vefsn 1728–1733 – Undervisning, språk og bøker» i Årbok for Helgeland 2012

«Den songen som atter tonar»

Slik byrjar det femte og siste verset i julesongen som Jakob Sande skreiv i 1931. Ved juletider også i det Herrens år 2023 etter Kristi fødsel var det mange i byar og grender som med gleda og takk song denne bodskapen frå Bibelen, Guds Ord, om barnet, Guds Son, vår sonar, som døden for evig batt.

Kor dyrebar denne songen og mange andre kristne salmar og songar er for landet og folket vårt! Må vi ta vare på denne songskatten – og gje den vidare til dei unge, til dei nye generasjonane!

Det frivillige, kristne lekmannsarbeidet på bedehusa, i misjonslag og foreiningar har vore viktige brukarar og berarar av song- og salmeskatten. Det har særleg vore Sangboken Syng for Herren som har vorte brukt til dette. Siste utgåve er frå 1983 og er ikkje å få kjøpt lengre som ny.

Ei stor gleda er derfor at det hausten 2023 er kome ei ny songbok, som vidarefører mykje av songane frå den boka, samstundes er det kome mange nye songar med. Dette er i stor grad songar frå vekkings- og oppbyggjngssamlingane på bedehusa, også frå frikyrkjelege samanhangar. «Sangboka – Norges kristne sang- og salmebok» er tittelen.

Mange nynorsk-forfattarar er representerte med songar. Stille Stunder sin grunnleggjar, Johannes Barstad, er representert



med blant anna «Eg ser deg, Gud, i kvar ein blom som tiler» og ungdomssongen «Din Frelsar ser på deg i dag og spør om du vil halda lag».

Det er mange songar av Trygve Bjerkrheim. Av nolevande diktarar/forfattarar er Haldis Reigstad representert med heile 11 songar. Annbjørg Helland Sæva-reid har med 7 songar.

Elles er det mange andre kjende og kjære songar, i alt 997 stk. Herunder heile 50 barne-songar. Bak i boka er det ein registerdel og minikatekisme med tillegg. Det er også bibel-referansar under kvar song, som syner songtekstane si forankring

i Guds Ord. Her kan det bli gode stille stunder med Sangboka og Bibelen!

Utgevar er Norges Bibelkirke, eit evangelisk-luthersk trussamfunn med basis i bedehusverksemda. Sangboka vert seld i kommisjon hos Lunde Forlag. Ei fin gåve til deg sjølv og til andre! Lat den kristne songen atter tona i familien, foreininga og forsamlinga også i nye slektsledd!

*Arve Abelsen
For styret/utgevar av Sangboka –
Norges kristne sang- og salmebok
Norges Bibelkirke*



På notatblokka

Kryssordløysing frå sist

Sjå stjerna som blenkjer om julenatta klår. Ho ber ein god bodskap: Frelsaren er fødd.

Nytt kryssord

har vintermotiv, løysingsordet er sjølvлага.

Prisen

for abonnement er no kr. 250.- og som alltid med høve til å gje ein gåvesum i tillegg.

Brev med giroar

for betaling av bladet vil etter planen koma kring 1. juni. Dei som vil betala før den tid, står fritt til å gjera det, til konto nr. 7877.05.64653 eller Vipps nr. 603498.

Gåvelister

vil du finna i dette nummeret og i komande. Det er no ikkje lenger opplyst om pengesum.

Neste nummer

skal etter planen koma ut i veke 12 (18. -24. mars). Stoff må vera red. i hende seinast 26. februar.



Den beste ballast

Spør du om god ballast på reisa gjennom livet, om noko solid som held båten din stabil, då rår eg til å ta DEN GODE BOKA og setje kursen mot det mål som boka vil.

Mot HIMMELLANDET går den RETTE kursen. Der vert du mottatt på ei himmelsk strand, og etter livets lange, harde reise blir båten landa av ei naglemerka hand!


Kva gjorde det at stormar kom på ferda, at bølger braut og det kom harde kast? Du hadde GUDS VELSIGNING over ferda. Du ALDRI søkk med BOKA som ballast!

Henrik O. Stokkenes, 02.05. 2017.

Gåver til Stille Stunder 2023 (del 1)

Akkestad Jostein	Ålesund	Berge Gudveig	Fiskå	Brune Oddbjørg	Volda	Eidsvåg Ruth Fosse	Valevåg
Akkestad Margreta	Sæbø	Berge Ivar B.	Stranda	Brunvatne Hæge Roholdt	Sandefjord	Eikeland Magnhild	Eikelandsson
Aksnes Svein Terje	Bergen	Berge Leidolv	Strandebarm	Bryggeså Arvid	Eiken	Eikeland Tor Arne	Lyngdal
Aksnes Torstein	Ulsteinvik	Berge Ola	Stryn	Brynildsrud Lars Petter	Kolsås	Eikeland Tora og Dag E.	Stord
Alfredsen Arthur Stelander	Hafersjord	Berge Olav	Voss	Braein Gunlaug Hals	Groa	Eiken Solveig	Eiken
Alme Anna Marthea	Nærbø	Berge Sigrid	Øystese	Brødholt Ellen B.	Tomter	Eiksund Otto	Naustdal
Almenning Huggleik	Breim	Bergem Ingunn	Volda	Brøste Åse Berit	Åndalsnes	Eines Liv	Vinterbro
Almgren Johanna	Tønsberg	Bergem Knut	Risor	Braastad Liv Jorunn	Fåvang	Einstabland Inger	Vennesla
Alsвик Tor	Kvinlog	Bergene Sigrid	Etnedal	Bråtane Sigrunn	Sannidal	Eintveit Einar	Skånevik
Amdahl Ole Bjarne	Dale i Sunnfjord	Bergland Lily-Ann	Borgen	Bråten Marit Kyllingstad	Vikeså	Eithun Mikkel Sjur	Leikanger
Amenya Turid	Rong	Bergland Oslaug H.	Kolbjørnsvik	Braathen Øivind	Asker	Ekerhovd Marta Lillian	Straume
Anda Mary Tittland	Os	Bergsvik Eli	Kolltveit	Bue Else-Marie	Bryne	Ekenes Svanhild Ingerid	Hjelmås
Andberg Dagrun	Trondheim	Berland John Olav	Haus	Buene Jan Inge	Kvernaland	Ekre Karin Rønsåsbjørg	Vinstra
Andersen Anders Martin	Oslo	Berntsen Gunhild	Kviteseid	Buggeland Tord	Lillehammer	Ekrheim Anne Synnøve	Hafersjord
Andersen Bjørn	Straume	Birkeland Frode	Oslo	Busch Berit Veierud	Røros	Eliassen Knut Bangsund	Stavanger
Andersen Bjørn Olav	Gamle Fredrikstad	Birkeland Hjørdis	Haukedalen	Bø Aud Kirsti og Magne	Trondheim	Ellefsen Kirsten	Kristiansand S
Andersen Eline H.	Oslo	Birkeland Kjellaug Nedreid	Fotlandsvåg	Bødtker Jørn Eilert	Bergen	Ellefsen Rolf A.	Trondheim
Andersen Ellen Westberg	Oslo	Birkeland Marit Rusten	Sauda	Bøe Marit	Hundvåg	Ellingsen Reidunn	Nyborg
Andersen Gurine og Andreas M.	Sagvåg	Birkeland Ola	Vikeså	Bøe Marta	Varhaug	Emberland Alvhild	Sveio
Andersen Gustav L.	Stjørdal	Bjerga Turid og Øyvind	Randaberg	Bøen Magnus	Oslo	Endsjø Svein	Hafersjord
Andersen Harry	Bygland	Bjerkar Charles	Modalen	Børseth Gunnar Martin	Voss	Enger Anne-Beathe	Eydehavn
Andersen Inge	Vassenden	Bjerke Jarbjørg Veimo	Kolbu	Børtnes Målfrid	Austefjorden	Engevik Kari	Os
Andersen Marit Skaara	Stavanger	Bjerkreim Randi	Bjerkreim	Borve Astrid	Hjellestad	Engmark Annlaug Halvorsen	Karmsund
Andersen Oddvar Ingemann	Kongshavn	Bjotveit Selma	Foldrøyhamn	Christensen Kari Sissel	Tolvsrød	Enstad Gisle G.	Os
Andersen Ole Petter	Greåker	Bjotveit Tone Reinskov	Kinsarvik	Christensen Signy	Saudasjøen	Enstad Nils-Petter	Rykene
Andersen Rigmor Alise	Rolvsoy	Bjørland Øystein	Oslo	Christensen Sønneva	Bremnes	Erdal Bjarte	Oslo
Andreassen Bjørg	Høylandsbygd	Bjørge Ingrid	Ostereidet	Christiansen Per	Strusshamn	Erdal Cissel Norunn	Voss
Andreassen Lill og Ørjan	Tromsø	Bjørk Anne-Brit	Halden	Da Silva Eduardo	Oslo	Ervik Astrid	Urangsvåg
Andresen Oddny Clara	Trondheim	Bjørknes Hjørdis	Byrknesøy	Dahl Karin Fløtre	Lauvstad	Ervik Kjell Steinar	Røyneberg
Apeland Kari Leiknes	Haugesund	Bjørkum Rannveig	Frekhaug	Dahl Øistein	Hennes	Eroy Dorthea	Skudeneshavn
Apelthun Solveig Orlaug	Fjell	Bjørlo Olav	Trondheim	Dahl Åse	Tyristrand	Espelid Astrid	Flatdal
Areklett Gunnar Morten	Torvastad	Bjørnstad Tone Marit	Tonstad	Dahle Olav	Kristiansund N	Espelid Sigrun og Gunnar	Nyborg
Areklett Kjellaug	Torvastad	Bjørnevoll Britt	Myking	Dahle Petter	Isfjorden	Espeeth Anders J	Etnedal
Arjen L.H. Stolk & Marna Roer	Herand	Bjørnstad Karl-Ove	Trondheim	Dahle Øystein	Notodden	Espeseth Ragnhild	Viksdalen
Arnebø Sjur Jansen	Grimstad	Bjørseth Randi	Rennebu	Dale Alf Reidar	Gran	Espevoll Inga	Haus
Arntsen Margit	Lavik	Blix-Nilsen Jens	Bødø	Dale Halvor	Tinn Austbygd	Falch Marta Østerås	Levanger
Arset Magne Vik	Åram	Blomvik Sissel Anne Sunde	Valderøya	Dale Knut O.	Odda	Farestveit Irene	Os
Askeland Asbjørn	Valestrandfossen	Bolstad Edvard Jarle	Bolstadøyri	Dale Magnhild og Olav	Holmefjord	Fausk Reidun	Dimmelsvik
Askeland Ingeborg	Førde i Hordaland	Bondevik Dagrun	Sogndal	Dale Sigurd	Hjelmeland	Fauskanger Anna Landro	Mosterhamn
Askeland Jon	Bergen	Borg Anne K.	Hvitsten	Dalene Karin	Grimstad	Fauske Normann Olav	Sykkylven
Askjer Ragnar	Tønsberg	Borge Gro	Sola	Daltveit Bernt	Voss	Felle Otto	Åmli
Askvik Grethe og Arnfinn	Randaberg	Borud Arve	Gan	Dammen Jan Arild	Lunde	Femsteinevik Bjørg	Ølve
Aslaksen Åsmund	Slependen	Bostad Sindre	Oslo	Danielsen Tore	Saupstad	Fidje Solveig	Kristiansand S
Aspås Oddbjørn	Angvik	Botnevik Inger	Os	Deglum Solfrid M.	Eidsvoll	Fimreite Gjertrud	Slinde
Astad Åse Skjåk	Eidsvåg i Romsdal	Bovim Aud	Brattvåg	Domben Kjersti	Straume	Finnbakk Berit	Rykkin
Auestad Kjellbjørg Øydne	Kristiansand S	Brandt Oddvar E.	Kattem	Dovland Borghild	Kleppe	Finnvik Tomas	Vikedal
Augensen Marta	Paradis	Brattegard Einar	Ål	Drageland Øyvind	Nesttun	Finnset Ragnhild	Lesund
Austegard Hilda	Frekhaug	Braut Arne Karl	Sandnes	Duesund Svein Ove	Øystese	Fiskeseth Wenche	Bruvik
Backer-Owe Marit og Torstein	Odda	Braut Geir Sverre	Bryne	Dugstad Else-Marie	Skulestadmo	Fivelstad Ingebjørg S	Hellesylt
Bakke Aud og Håkon	Dimmelsvik	Breidvik Gunilla	Ås	Duus Gunhilde Jävold	Fevik	Fjeld Eli Sofie Barstad	Oslo
Bakke Gerd	Davik	Breien Ola	Etnedal	Dvergsnes Anne-Cicilie	Kristiansand S	Fjeldkors Widar Krister	Askim
Bakke Gunnar	Baldersheim	Breiteig Trygve	Kristiansand S	Dyrkorn Olaug	Norheimsund	Fjeldstad Astrid-Anne	Rosslund
Bakke Kaare M.	Hagavik	Brevik Gunnar	Slidre	Dyrøy Roger	Marnardal	Fjell Bjørg Snefrid	Oslo
Bakke Sigrid	Oslo	Brekke Marta Myhr	Stryn	Dyrøy Tore	Kolltveit	Fjermestad Odd Magne	Ålgård
Bakkevik Bernt	Oslo	Brekke Ottar	Syvde	Dysthe Olga og Kristian	Bergen	Fjose Turid	Voss
Balog Kari Leine	Måløy	Brekke Aase	Sandane	Edal Olav	Voss	Fjæra Reidun	Etnedal
Balsnes Aslaug Liabø	Nordfordeid	Brekkehus Kjellaug	Evanger	Edwardsen Arne	Ålesund	Flatebo Sofie	Jondal
Barkhald Martha	Tvedestrand	Bremnes Randi Øie	Melhus	Edwardsen Berit	Lillesand	Flaten Dordi og Eivind A.	Brattholmen
Barstad Anne Lise	Ålesund	Brenna Solveig Aase	Gravdal	Edwardsen Jo	Rolvsoy	Flatland Magne	Solbergmoen
Bauer Marit Pettersen	Drammen	Brensdal Sigrunn	Knarrevik	Eek Anne-Kristin	Algarheim	Flem Turid	Stavanger
Bekkestad Ingulf	Kristiansand S	Broen Anne Nordal	Blommenholm	Egeland Jørgen	Bjerkreim	Flokketvedt Lars	Etnedal
Bekkevoll Ellen	Hemsedal	Brokeland Olav	Sundebru	Eggen Norunn	Fannrem	Flokkmann Anne Grete Jachwitz	Biri
Bekkevoll Bjørgulf	Kristiansand S	Bronebakk Jakob	Slependen	Eide Aud Kirsti og Per Inge	Arendal	Fluge Ruth	Sunnalsøra
Bendiksen Helge	Hjelmeland	Bru Helga	Strandebarm	Eide Bjørn og Kaia	Raudeberg	Flusund Petra M. Paulsen	Fosnavåg
Benterud Gunn Hjørdis	Nesbyen	Brubakk Ole	Nerlandsøy	Eide Eirik	Voss	Flæte Johannes	Vik i Sogn
Berg Ingvar	Opphaug	Brubæk Haldis	Jessheim	Eide Sigrid	Flå	Floysvik Ingvar	Indre Arna
Berg Tom Ragnar	Hønefoss	Brunborg Kari og Åsgeir	Voss	Eidem Reidun Kjerstad	Sykkylven	Flåte Olin Karen	Skodje
Bergan Anne-Marie	Kabelvåg	Brundtland Bjarte	Hundvin	Eidet Svein Egil	Kristiansand S	Folgerø Gurine Marie	Foldrøyhamn
Berge Gerhard	Rådal	Brundtland Kari	Våle	Eidevik Helga Mauland	Sandnes	Folkestad Anne-Karin	Nordfjordeid

Follerås Sigmund	Finsland	Grutle Linbjørg Oddrun	Ulset	Haugsgjerd Sigurd	Grendi	Hoplund Arnfinn	Norheimsund
Forgard Tove	Åseral	Grutle Randi H.	Finnås	Haugstveit Norvald	Risor	Hoplund Karstein Olav	Nesttun
Forland Ivar Otto	Steinsland	Grødem Kari Else	Randaberg	Haugvaldstad Elisabeth	Rennesøy	Hornburg Erna	Nøtterøy
Forsjord Kjell Rune	Oslo	Grøndahl Ambjørn Ørdelien	Ål	Haugå Solveig Larsen	Kristiansand S	Horne Bodil	Ilseeng
Foseide Birger	Fannrem	Grønhaug Hildur	Fyllingsdalen	Haukanes Britt	Årland	Hornes Norunn	Førde
Foss Bjørg og Odd	Skiftun	Grønlund Ruth S.	Geithus	Haver Margit Strandenes	Jørpeland	Hovde John Øyvind	Oslo
Foss Egil Alf	Blaker	Grønner Egil	Bergen	Havhellen Johannes	Luster	Hove Olav Martin	Vik i Sogn
Foss Jorun Børset	Dyrvik	Grønnevik Harald	Skånevik	Havstad Johannes	Grimstad	Hove Ragnar	Vik i Sogn
Fosse Jon Olav	Oslo	Grønset Jostein	Oslo	Havåg Bodil	Eiksund	Hovland Karen Marie	Os
Fosse Vigdis	Strandebarm	Grønvold Nina	Oslo	Hebnes Ann Helen	Tananger	Hovland Per	Fredrikstad
Fossen Sturla Berg	Kyrkjebø	Grov Guro	Vang i Valdres	Heggen Norunn	Nordfordeid	Hovland Per Oleiv	Ørsta
Fotland Torbjørn Kongsvik	Bryne	Guddal Aud Svanhild	Seimfoss	Heggstad Pål	Vartdal	Hovstad Ellen Karoline	Fitjar
Frafjord Valborg	Sandnes	Gudvangen Berit	Gudvangen	Heggeheim Borgfrid Myhr	Førde	Hugaas Øydis	Strusshamn
Furnes Bente Holsen	Bygstad	Gulbrandsen Odd	Reinsvoll	Heggeheim Britt Randi	Byrkjelo	Humberset Aud	Lillehammer
Furnes Valborg	Os	Guldahl Einar	Asker	Heggli Jan Kåre	Fyresdal	Humberset Petra	Volda
Furu Gudmund	Vossestrand	Guldstein Bjarne	Tustna	Heie Sigbjørn	Frekhaug	Humblebrekke Ragna	Vossestrand
Fylkesnes Anne-Berit	Bremnes	Gullbrå Ingunn L.	Eidslandet	Heinum Oddbjørn	Nordfordeid	Hummelvoll Gudmund	Oslo
Fyllingslid Martha Ronhovde	Voss	Gundersen Geir	Oslo	Heldahl Jan Helge	Oslo	Hunnes Odd Ragnar	Volda
Føllesdal Liv Ingeborg	Ottestad	Gundersen Jenny	Kristiansand S	Helgelund Anne-Sofie	Kvernaland	Husabø Magnhild	Sogndal
Fønsteli Ragnhild	Grimstad	Gunnes Kjellrun	Bodø	Helgøy Kjell Egil	Bru	Husabø Sunneva	Leikanger
Førde Oddny M. Oterhals	Aukra	Gyland Astrid	Sira	Helland Nils Johannes	Stord	Huse Ragnhild	Ølve
Gabrielsen Tor	Oslo	Haddal Arthur Kåre	Haddal	Helland Petter	Brattvåg	Huseby Trond E.	Spydeberg
Galdal Oddvard	Gyland	Hadland Christian Ihle	Tårnåsen	Helle Herman	Sandvika	Husevåg Astrid Ingrid	Raudeberg
Garmann Marit H.	Rådal	Hadland Nils Emil	Egersund	Helle Ruth	Øystese	Hustadnes Asbjørn	Austefjorden
Garpestad Gunnar	Lye	Hafeld Agnes	Trondheim	Helleland Jenny	Bygland	Husveg Gaute	Farstad
Gaulen Åse Karin	Isdalstø	Hafredal Bertha E.	Stathelle	Helleve Aslak T.	Voss	Husøy Ole Andreas	Bekkestua
Gausel Liv	Stavanger	Hageberg Margunn	Kvaløya	Hellevik Marie	Tennfjord	Hydle Herborg	Ulvik
Gautestad Bernt	Evje	Hageberg Ruth	Stord	Hellevik Signe	Vestnes	Høgset Orlaug	Førde
Geving Lars	Seljord	Hageland Helge	Kjølsdalen	Hem Morten A.	Voss	Hoidal Håkon	Gressvik
Gill Håkon S.	Sorbøvåg	Hagen Gunnar J.	Ålesund	Henden Astrid	Nordfordeid	Høimyr Simon	Drammen
Gimmestad Ole-Kristen	Sandane	Hagen Ragnhild	Ål	Henjum Sofie & Johannes	Leikanger	Høiskar Liv	Sandnes
Giske Ole Knut	Giske	Hallaråker Ole Henrik	Åkrehamn	Henriksen Hans	Fyllingsdalen	Høyvik Turid Ann	Skei i Jølster
Gismarvik Gunnbjørg	Haugesund	Hallaråker Torgeir	Mosterhamn	Herfindal Anna Margreta	Evanger	Haagenrud Karin	Knapper
Gisnås Per Jostein	Rennebu	Hallberg Vigdis Lid	Sandnes	Herje Anna Ragnhild	Åfarnes	Håkedal Amalie Øverby	Melbu
Gjedrem Aslaug M. K.	Bjerkreim	Hallum Trine	Levanger	Hermansen Kari	Uskedalen	Håker Roar	Drivdalen
Gjeldnes Synnøve	Todalen	Halling Arne	Egersund	Hernes Knut Helge	Voss	Håkonsholm Klara Lilly	Ulsteinvik
Gjelsvik Ester	Olsvik	Halse Per	Hovdebygda	Hernes Oddvar	Oslo	Haaland Kjell	Dirdal
Gjerald Borgny	Vossestrand	Halsøy Anna	Oslo	Herre Mari	Voss	Håland Liv Helene	Undheim
Gjerde André	Hareid	Halvorsen Henry	Eydehavn	Hestad Birgit Terum	Øystese	Haaland Ola Reidar	Byremo
Gjerde Trygve	Austrheim	Halvorsen Unni	Voss	Hestholm Grethe Nina	Nesttun	Håland Samson	Øystese
Gjerde Øyvind	Os	Hammersland Stein-Arne	Bergen	Hetland Rolf	Egersund	Håland Sigrun	Isdalstø
Gjermundsen Jon Ola	Oslo	Hamre Øyvind	Kristiansand S	Hettle Judith Irene K.	Hafslvsfjord	Haarr Geir Palle	Vigrestad
Gjerstad Inga Ovidia	Tysnes	Hana Georg	Lillehammer	Hidle Kåre	Sandnes	Haarr Marit Synnøve	Vigrestad
Gjersvik Jorunn Småbrekke	Straume	Handeland Agnes	Kollungtveit	Hillestad Svein	Øvrebo	Haarr Per Gunnar	Sandnes
Gjertsen Ingrid	Ås	Handeland Ingve	Sauda	Hjelle Britt Nes	Nordfordeid	Haarr Øyvind	Norheimsund
Gjukastein Klaus	Voss	Handeland Kirsti	Skare	Hjellum Kjellaug Marie	Aurland	Håvik Odd	Sogndal
Gjostein Hallbjørg Skjoldli	Skulestadmo	Hanoa Alf	Drøbak	Hjertnes Frode	Bergen	Håvorsen Gudrun Haugen	Hornnes
Gladhaug Odd Audun	Bagn	Hansen Anne Sofie	Holum	Hjetland Jarle O.	Oslo	Idso Rolf	Idse
Gloppen Olau Irene	Fitjar	Hansen Asbjørn Nes	Treungen	Hodne Trond	Voll	Imeland Kristian	Gamle Fredrikstad
Glæstad Kåre	Levanger	Hansen Marta	Stavanger	Hoem Marie O.	Flemma	Indgjerdingen Kai	Porsgrunn
Gradert Lisbeth M.	Halden	Hansen Stein	Bergen	Hofstad Gunhild	Bergen	Ingul Gunnar	Sjørdal
Gran Paul M.	Tønsberg	Hansen Tove Lindboe	Sandvika	Hognestad Anne Karin	Hafslvsfjord	Innvær Olaug	Ågotnes
Granskogli Oddrun	Indre Arna	Hansson Halvor	Sømådalen	Hogsnes Sigmund	Fenstad	Jacobsen Karin V. og John	Farsund
Gravdal Audun	Sirevåg	Haram Anna	Røyken	Holandsjø Bjørg Østerdal	Voss	Jakobsen Håkon	Os
Gravdal Vilhelm	Omastrand	Harkestad Brit Sevheim	Herøysundet	Hole Grete Oline	Bergen	Jakobsen Ragnvald	Bergen
Grepstad Dagfrid	Skei i Jølster	Harkestad Erna	Sæbøvik	Hole Kjell Bjarte	Lom	Jansen Halvard	Bø i Telemark
Gridset Einar	Innfjorden	Harstveit Christine	Åmli	Holen Anne Bjørg	Kaupanger	Jaramillo Astrid	Trondheim
Grimstad Arnliot og Tord	Gurskøy	Hasle Berit Rytter	Oslo	Holen Erling	Molde	Jelsnes Ragnhild Olsen	Hafslundsøy
Grimstad Harald	Haddal	Hauan Ellen Mari	Sandefjord	Holme Johanne	Hyen	Jendal Tormod	Sira
Grimstad Randi	Hareid	Hauge Anlaug Røen	Årland	Holmli Terje	Klæbu	Jo Andre	Sola
Grimstad Svanhild	Alta	Hauge Gunnar	Skodje	Holsbøvåg Kåre Magne	Kleive	Joanesarson Sniolvur	Voss
Grindhaug Alf	Skudeneshavn	Haugen Brita	Narvik	Holtebekk Trygve	Arendal	Johannessen Jarle	Loddefjord
Grindheim Astrid	Haugesund	Haugland Aud Isaksen	Uskedalen	Holtehaugen Unni	Ål	Johansen Svein Sigvart	Askim
Grindheim Jan Vidar Cep 77001-332 Brasil		Haugland Einar	Os	Holth Gunnar	Elnesvågen	Johansson Stig	Leinesfjord
Grosvold Sissel	Skollenborg	Haugland Kristi	Hauglandshella	Holvik Olav	Sandane	Johnsen Ester	Skudeneshavn
Grosås Torgeir	Lyngdal	Haugland Sigurd	Sandnes	Homme Joan	Lomen	Johnsen Harald	Harestua
Grov Øyvind Magnus	Kristiansand S	Haugland Valgerd Svarstad	Stabekk	Homme Knut Ketilson	Valle	Johnsen Ingolf Kåre	Sæbøvik
Grunnaleite Marit	Haugesund	Haugo Jenny Jordalen	Voss	Hommedal Ingunn	Vang i Valdres	Johnsen Vibeke Wikene	Ulvik
Grutle Anne Kallevik	Valevåg	Haugsgjerd Magne	Skjold	Hope Kirsten og Ottar	Espeland	Jonsson Terje	Molde



Returadresse:
 STILLE STUNDER
 V/Rolf-Atle Rolfsnes
 Bakken 2
 5419 Fitjar



Du vil gjeva meg himmelsk mat
 og englebød til å eta. Og dette er
 i sanning inkje anna enn du sjølv,
 livsens bød som kom ned frå himmelen,
 og som gjev verda liv.

Thomas a Kempis

Jesus skal rå så vidt som sol

Jesus skal rå så vidt som sol
 femner vår jord frå pol til pol.
 Riket hans samlar alltid fleir
 til ingen måne skifter meir.

Bøner skal stendig til han gå,
 endelaus lovsong mot han slå,
 namnet som ange frå blomelund
 stige i takk kvar morgonstund!

Røyster av alle folkeslag
 priser hans makt og hjartelag.
 Unge og gamle rad på rad
 møter Guds Son med takkekvad.

Signing han strår på all sin veg.
 Fangar han frir der fram han dreg.
 Lidande byd han lindring god.
 Kvile han gjev kvar trøytt og mod.

Skare som for hans åsyn står:
 Helsa med jubel Herren vår!
 Syng mot einannan, himmel, jord,
 hylla vår Konge, kor mot kor!

*Isac Watts 1719.
 Til norsk ved Johannes Smemo 1964
 I Norsk Salmebok 2013 nr. 682.*

Trykksaker

Brosjyrer - Bøker - Blad - Aviser
 forretningstrykksaker- brevpapir,
 konvoluttar m.m.

- Me hjelper dykk med utforming.

prøv oss

Sunnhordland

Tel. 53 45 00 00

NYNORSK ANTIKVIARIAT AS
 www.nynorskantikvariat.no

80.000

Bøker i hyllene

Holgata 2

Inngang Hotellkleiva
 4900 Tvedestrand

60.000

Bøker på nettet

www.nynorskantikvariat.no



NYNORSK
 ANTIKVIARIAT

Telefon
 37 16 66 66

e-post:
 tinging@nynorsk
 antikvariat.no

